



VIKA - VIKASTAKKEN

FORSAND KOMMUNE

FAKTA

Lengde: Om lag 3 timar

Passar for: Ikkje for dei minste

Parkering: Langs vegen ved Vika.

Kartblad: 1212 I: Høle

Verd å merka seg:

Dei klimatiske forholda mellom Lysefjorden og Haukalivatnet gjer at tåka kjem fort rundt desse toppane. Hugs å ta med kart og kompass! Det er viktig å ikkje vera til hinder når ein parkerar i Vika.



Foto: Roy Mangersnes

OM TUREN

Frå Vika går turen opp den bratte lia på godt opparbeidd skogsveg. Vegen snor seg gjennom ein storvokst og flott furuskog med mykje blåbær på skogbotnen. Der vegen endar, er det enklast å følgja bekken vidare opp til Vikastølen.

Skogen er tett rundt stølen, så her gjeld det å finna stien gjennom krattskogen mot Vikastakken i sørvest. Etter den tøffe stinginga frå Vika, går turen vidare relativt lett over knausane. Eit stykke lenger oppe opnar skogen seg, og ein får flott utsikt mot fjorden. Enkelte stader står nokre vardar på berget, men det er langt mellom dei, så det er viktig å halda auge med merkinga.

Når ein kjem opp på platået under Vikastakken, har ein godt utsyn over Yleskogvatnet mot Bergefjellet. Under Vikastakken finn ein greit stien som leiår mot toppen med den karakteristiske varden.

Variert natur

Turen frå Vika til Vikastakken går nesten frå havnivå til 645 m.o.h. Med ein så stor høgdeskilnad er det lett å forstå at naturen her er svært variert. Den storvokste furuskogen i lia rommar hjortevilt og storfugl, i tillegg til spettar og hauk. Lenger oppe ved Vikastølen tar lauvtreea meir over, men furua held framleis stand her og der. Dette gjer at området her har rom for fleire dyreartar som nyttar skogen på ulikt vis.

Lenger oppe i lyngheia buldrar orrhanen i dei tidlege morgontimane. Her oppe kan ein og finna den trua smålomen. Denne sky fuglen kan hekka i uregulerte og fiskelause småvatn rundt Vikastakken, men finn gjerne mat i Lysefjorden eller Haukalivatnet. Om ein kjem over eit smålom par, er det viktig å trå varsamt. Fuglane kan fort sky reiret om dei blir forstyrra.



